

Ikkje snøggbåtstopp på Børnes

12.01.2010



Det blir ikkje snøggbåtstopp på Børnes, melder Kvinnheringen.Skyss vurderte dette, men har avvist det etter ei samla vurdering.

Det ligg ofte tømmer på kaien og det påverkar tryggleiken.I tillegg vil ein ekstra stopp ta ekstra tid, påpeikar marknadssjef Målfrid Vik Sønstabø i Skyss.

Men ho legg til at selskapet er opne for å ta saka opp til ny vurdering seinare. Båten i Rosendalsruta går ofte gjennom Storsundet i dårleg ver eller for å gje dei reisande ei ekstra oppleving. Rødne & Sønner har fått mange spørsmål om kvifor dei ikkje stoppar i Uskedalen.

(Foto: Bjarne Øymyr)